



# Rauland statsallmenning informasjon reinsjakt 2020

*Gjeld innanbygds jegerar*

Jakttid f.o.m.20. august t.o.m.30. September

<i>Prisar:</i>	<i>Fritt dyr/vaksen bukk</i>	<i>kr. 2400,-</i>
	<i>Simle/ungdyr</i>	<i>kr. 1600,-</i>
	<i>Kalv</i>	<i>kr. 600,-</i>

**Fellingsløyva vert delt ut blant godkjende søkerar. Korta blir utlevert etter trekningslista. Det vert berre tildelt kort etter søknadar på Inatur.no**  
Fyrstegongsjegerar får gratis kort tilsvarende verdien av eit simle/ungdyr kort.  
*Dei må betale på vanleg måte og så få refundert beløpet av Fjellstyret.*

**Utdeling av jaktkort vert annonseret på heimesida ila juli månad.**

**Kontrollkarta skal vera Rauland Fjellstyre v/sekretær i hende seinast 5 dagar etter jaktslutt. Korta sendast til: Rauland Fjellstyre, Vinjevegen 665, 3890 Vinje, eller leggast i postkasse på lagerbygget til Rauland Kraftforsyningslag.**

**"VIKTIG".** Fyll ut jaktkarta uansett felling eller ikkje.

Jegerar med allmenningskort kan danne jaktag på inntil 5 personar (sjå skjema og reglar på heimesida). Alle med allmenningsrett på Rauland statsallmenning som har kort på andre vald kan nyte desse korta på allmenningen frå fyrste dag mot å betale kr 500,-pr jeger. Fjellstyret skriv ut dokumentasjon på dette- skal vere med under jakt.

Det er laga samjaktavtale med Berunuten Vest frå **7.september** og ut jakta. Alle kort vil verte stempla og underskrive ved utdeling. Denne avtala er vederlagsfri. Det er seld kort til eit avgrensa tal utanbygds jegerar i år. Det er og samjaktavtale med Ulvik SA der Rauland får kort som vederlag. Ta vel imot desse jegerane!!

***Medlemmer fjellstyret:***

<i>Ane Kilingtveit</i>	<i>tlf. 90579772</i>
<i>Halvor Fehn</i>	<i>tlf 48017865</i>
<i>Marit Kåsa</i>	<i>tlf 95089447</i>
<i>Jarle Nordjordet</i>	<i>tlf 95205094</i>
<i>Tor Aage Dale</i>	<i>tlf 91392068</i>

***Jegertelefon i jakta: 46 84 78 24***

**Småviltjakt:**

Det vert småviltjakt fom 01 oktober tom 28.februar 2021. Sjå Inatur.no for nærare reglar og kortkjøp.

**Fiske:**

Fastbuande i Rauland som betalar for hytteleige kan fiske med 5 garn med fri maskevidde . Fiskekort for stongfiske kan kjøpast på Inatur.no. Kontakt fjellstyret for å få ut nøklar til båthus.

**Hytteleige:**

**Alle må betale hytteleige også i reinsjakta.** Pris kr 100,- pr. natt for innanbygds, kr. 200,- pr. natt utanbygds. Raulendingar har førerett til senger.

**Orientering om sakshandsaming ved tildeling/avslag på søknad om reinsdyrkort:**

Alle søknadar om rett til fellingsløyve på rein vert handsama etter Fjellova § 23 og 24. Dei som har rett til å vera med på trekking av villreinjakt må alle ha vore busett det siste året og framleis bu og ha den faste bustaden i gamle Rauland kommune. Det er ikkje nok å stå i folkeregistret eller skatte til Vinje kommune. Pendlarar og studentar er å rekne som fast busette. Dersom det er tvil om desse vilkåra er oppfylde vert søker bedt om å dokumentere dette for Fjellstyret. Alle søknader om jakt må gå via Inatur.no. Andre søknader vert ikkje handsama.

Generelt om klageadgang:

Klageadgang og klagefrist (jfr. Forvaltningslova § 28, 29, 30 og 31.):

***Skitt jakt!!***

